

# Tilråding frå teneseteutval til formannskapet 27.11.18

## **PS 180/18 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022**

### **Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 21.11.2018 til kommunestyret:**

1. *THO ser at skal Volda kommune kunne gje innbyggjarane lovpålagte helsetenester i framtida må vi endre drifta og legge til rette for at brukarane skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.*

*THO ber om at Volda kommune tek ei aktiv rolle i å utvikle bukonsept i Volda sentrum, som er tilrettelagt for eldre mennesker. THO framskriver eit behov for slike leiligheiter når ein ynskjer at våre innbyggjarar skal bu heime lenger, og kan naturleg utsette behovet for institusjonsplass.*

*THO ber om at Helse- og omsorgssektoren gjennomfører ei intern kartlegging på kva for rutiner og arbeidspraksis som med fordel kan erstattast eller styrkast med digital teknologi. Det er eit ynskje at tilbakemelding frå tilsette nærast lov- og avtaleverk, og nærast brukarane, blir vektlagt. Kommunestyret ber om å få rapport på dette i relevant tid i høve budsjettprosessen for 2020.*

### **Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 til kommunestyret**

1. *Under digitalisering, strukturendringar m.m. s.65. Austeffjord barnehage er vedteken ikkje nedlagt og skal strykast frå lista.*
2. *TOK ser at drift og innsparing det er lagt opp til i budsjettet for 2019 for skule og barnehage ikkje samsvarar med dei reelle utfordringane i sektoren.*
3. *TOK ber at kommunestyret gjer ei justeringar i budsjettarbeidet slik at sektoren får ein reell vekst snarare enn ein reduksjon.*

## **PS 181/18 Utgreiing av samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular**

**Samrøystes tilråding i Tenestutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 til kommunestyret**

- 1. TOK finn ikkje grunn for å gå vidare med ein prosess med tanke på å samlokalisere Bratteberg og Vikebygda skular.*

## **PS 182/18 Utvikling av legevakta**

**Tilråding i Tenestutval for helse og omsorg - 21.11.2018 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret har som intensjon at Volda kommune etablerer felles legevaktdistrikt med Ørsta kommune utanom dagtid på kvardagar.*
- 2. Det er ein intensjon at denne felles legevakta vert lokalisert ved ambulansstasjonen i Hovden/Furene.*
- 3. Det blir oppretta ei prosjektstilling på 30% i eit halvt år som får ansvaret for å forhandle med HMR om leige av lokale og for å planlegge og kome med framlegg til drift. Volda kommune sin andel vert finansiert i budsjettet for 2019.*
- 4. I planlegginga skal det vurderast om*
  - Resterande samarbeidskommuner nattlegevaktordning i dag blir invitert til å halde fram med samarbeidet om nattlegevakta.*
  - Legevaktssentralen skal flyttast frå sjukehuset til den nye legevakta*

*Vedtaket forutset eit likelydande vedtak i Ørsta kommune.*

# PS 184/18 Endring av betalingsattsar for helse- og omsorgstenester

## Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 21.11.2018 til kommunestyret:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2019 vert slik:

### Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 96.883,-	Inntektsgrunnlag	2018	2019 pr. mnd
<2G	Inntekt<193.883,-	205,-	210,-*
2 – 3G	193.884,- - 290.649,-	1.240,-	1.300,-**
3 – 4G	290.650,- - 387.532,-	1.550,-	1.600,-**
4 – 5G	387.533,- - 484.415,-	1.850,-	1.900,-**
>5G	484.416,->	2.160,-	2.200,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		370,-	380,-**

### Sal av mat:

	Kommentar	2018	2019
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		90	100**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		50	55**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		50	55**
Varm mat levert i privat heim		100	100**
Kald mat levert i privat heim		85	90
Fullkost pr. døgn		170	170**

### Tenester:

	Kommentar	2018	2019
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	160	160*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	330	350**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	200	220**

Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufelleskap	350	400
Overnatting for pårørnde	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	300	330
Leige av treningsal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.350	1.400
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.440	1.500
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	650
	Konfirmasjonar mm	1.440	1.500
Utlevering og innhenting av hjelpemiddel	Hjelpemiddel som er stort og tungt, treng varebil og to pers. Pris pr tur.	0,-	150,-**

#### Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2018	2019
Tilbod på dagsenteret,(tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	160	160
Dagtilbod utan middag		65	65
*** Transport, aktivisering og middag			

#### Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2018	2019
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingssats	2.676,-	2.895,-

#### Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm.	25,-	Pr.dag

\*Alle satsar merka med ei stjerne vert fastsett i sentral forskrift, summene er ikkje sentralt vedtekne endå, abonnementspris >2G er lagt inn som kvalifisert gjetning, andre prisar merka \* vert korrigererte i tråd med nytt rundskriv, som vert sendt ut etter statsbudsjettet er vedteke.

\*\* Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjernekommunane.

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2019.

